

04.05.22

Tid	Onsdag 4. mai kl 18.00-19.30
Stad	Personalrommet, Utleira skole
Deltakarar	Inger Johansen (2.-trinn), Vibeke Leistad (4.-trinn), Dag Rune Kvitem (5.-trinn), Anders Abelgaard (6.-trinn)
Fråfall	Runar Andreas Lein (1.-trinn), Astrid Vesteraas Thaulow (3.-trinn), Ingrid Holden (7.-trinn)

Sak nr	Sak	Ansvar
7/22	<p>Uteområda på skulen Skulen har invitert til dugnad, og vi ser at det også er organisert stasjon for sykkelvedlikehald. Dette synest vi er glimrande! Vi gler oss og håper på godt oppmøte på dugnaden.</p>	
1/22	<p>Elevundersøkinga Det er bestemt at det blir dugnad i staden for storforeldremøte i vår, så da utgår saka om elevundersøkinga. Vi kan likevel ta den opp på det opne møtet vi skal invitere til.</p>	Alle
13/21	<p>Trafikk ved skulen Bydelsmøtet for seniorar nærmar seg. Der skal vi informere om oppstart av trafikkvakt-ordning, og prøve å rekruttere trafikkvakter. Det er onsdag 25. mai kl. 12-14. Fleire har sagt dei kanskje kan stille opp på møtet. Dette må vi avklare nærmere. Inger tar kontakt med Frivilligsentralen og melder frå om kven som kjem på møtet. 31. mai/1. juni er det foreldremøte for skulestartarane, og da bør vi også vera der og både informere frå FAU og velge FAU-representant frå førstetrinn. Vi må avklare kven som kan stille opp her og ta kontakt med lærarar på trinnet.</p>	Alle
20/21	<p>Opningstider ved SFO i feriar FAU meiner at SFO må tilpasse opningstidene i feriane etter behova foreldra har. Vi ser at det er eit ressursproblem at mange melder seg på, og som ikkje kjem likevel. Vi ser også at gjentakande masing på foreldra om dette ikkje hjelper. Mange melder på ungen/ungane "for sikkerheits skuld" fordi ein ikkje har planlagt/kartlagt ferie/besøk/arbeidstider før fristen for SFO-påmelding. SFO kan kanskje prøve å endre</p>	Inger

	påmeldingsrutiane ved å be om leverings- og hente-tidspunkt ved påmelding, og i tillegg ope opp for at det er mogleg å ettermelde seg? Dersom det blir mogleg å ombestemme seg også om ein har meldt om at ein <i>ikkje</i> skal bruke SFO, blir kanskje påmeldinga meir realistisk? Vi synest det er verdt å prøve. Det kan også vera verdt å prøve å underbemanne i forhold til påmeldinga - dersom det er slik at det aldri dukkar opp så mange som er påmeldt. Inger sender innspel til SFO.	
4/22	<p>Ope møte/Foreldrekafé</p> <p>Vi inviterer foreldra til foreldrekafé torsdag 2. juni. Plan A er å bruke personalrommet, men vi kan også ta i bruk biblioteket dersom det kjem mange. Vi serverer kaffe, informerer om arbeidet vårt og deler oss inn i grupper ved småbord og tar opp tema som f eks: skule/heim-samarbeid, lekser, turdagar/utedagar/alternative læringsarenaer, mat på SFO, elevundersøkinga, skulevegring/skulefråver, morgenrutinar ved skulen eller andre tema foreldra er opptatte av.</p> <p>Inger lagar invitasjonstekst. Dag Rune undersøker om dei aktuelle romma er ledige og spør skulen om sponsoring til servering. Vi sender ut invitasjonar etter 17. mai.</p>	Inger Dag Rune
8/22	<p>Innkomen sak frå 2.-trinn: Lekser på SFO</p> <p>Sidan Bente ikkje er på møtet, tar Inger direkte kontakt med SFO med spørsmålet og orienterer på neste møte.</p>	Inger
9/22	<p>Innkomen sak frå 2.-trinn: Utflukter</p> <p>Bente er ikkje på møtet, så Inger sender spørsmålet til henne og orienterer på neste møte.</p>	Inger
10/22	<p>Økonomi</p> <p>Per i dag har ikkje FAU eigne midlar. Vi ser for oss å fortsette med uformelle foreldrekaféar som ein sosial møteplass for foreldra, og da hadde det vore fint med midlar til servering eventuelt andre ting etter kvart. Vi undersøker kor det går an å søkje om dette. Kommunen? Frifond? Andre?</p>	Alle
	Neste møte blir onsdag 1. juni	